

# Finnmark kaster vinterhamen og våronna står for døra.

Finnmarkbrev til Senjens Blad.

Det grønkar på taket av fjøsgamma til grinnen min, han Ole Erik Tapio, no. Det er god undervarme der kan ein skjøne, for der står fleire mjøkekuer og nokre ungdyr der inne, og ein årsgamal fole trivst og godt i den lune fjøsen. Så trivst graset på taket og, det vert lunare dag for dag. Den blå Tana legg sin farge til og mot brungrå bjørskeskog til grunnfarge er fargeteppet vent under ein himmel med frisk kvelddrodnad.

Enno i dag, 19. mai er fjella kvitspraglut av vintersnø, men dei reinskar seg snøkt berre det kjem nokre regnversdagar.

Tana-isen gjekk tidleg i år. Det er ikkje noko godt merke for laksefisket at Tana-isen går for tidleg. Visst er det bra for våranna og vokstren på enga, men det er ikkje hovedsaka her etter storelva. Nei, det er laksen framom alt denne tida. Det er lite med annan årsforteneste enn den som vert fiska opp av Tana. Lite grann leigekjøring vert det kan hende for den bonden som har hest og kjøregreier, og litt rypefangst kan det falle, men elles er det laksen.

Og så gjekk isen reint for tidleg. Det var for kaldt, og kaldare vart det med eitt då isen var faren. Det vert det jamt nordasno så beisk at ho er mest verre enn sjølvaste finnmarkswinteren. Kven kan vent laks i garne i slike ver? Ikkje mun i å setje dei ut ein gong. Men i dag besna veret litt, og jamen fekk Sverre Ellila ein halvstor laks i middagstida i dag. Han var den fyrste her i Seida. Og så vart det laksefest der i huset.

Fyrstegrøda frå Tana skal vera festlaks, det er god gamal sed. Om det smakte? Kva trur du om laks brånt i gult Tana-smør og potetpurre til?

Folk i Finnmark brukar jamt leva godt. Småbøndene driv jord til tre - fire kuer. Det vert godt kosthald av det, for det er lite høve til mjølkesalg så det er nemnande. Det går til huset alt i hop. Og så kjem laksen.

Visst fiskar småbonden til salg og her rek nok oppkjøparar.

Men huset skal fyrst ha ei tunne om ikkje to, av salta laks til vintemat. Sør i landet vil dei rekna slike matstell for ovlevnad, men slike vil dei ha det her og reknar truleg rett, for all mat som er å få i handelen er dyr, og jamt er han ringare.

Kvífor ikkje bruke eigen mat som er kraftigare, om han er store penger verd, meiner bøndene her.

Men denne våren reddast folk for svartår i Tana. Lite snø og låg vass-stand. Det er ikkje slik laksen vil ha det. Og nei i år . . . nett no bøndene ha reidd til så mykje reidsskap. Har dei ikkje onna mest heile vinteren med både gamle og nye garn? Tråd fekk dei meir enn dei vågde vone. Det kan vera utgjort og. Men våren er dei lang, og sumaren kjem attå.

Og laksen held til i elva lenge utetter. Ein får vona og vente.

(Meir)